

# Årsmelding

## for Skolemuseumslaget i Rogaland 2022

Årsmøtet for skolemuseumslaget i 2022 blei halde 31. mars på Stavanger Museum. 8 personar møtte. Årsmelding og rekneskap for 2021 blei lesne opp og godkjende.

Valet fekk følgjande utfall:

Leiar: Sigmund Sunnanå.

Kasserar: Marta Gudmestad.

Andre styremedlemmer: Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne.

Varamedlem: Dan Dyrli Daatland.

Revisor: Kåre Tysland.

Redaksjonsnemnd: Sigmund Sunnanå, Marta Gudmestad, Ellinor Bryne, Ketil Knutsen, Tor Ytre-Arne, Dan Dyrli Daatland.

Årsmøtet starta med at Hege Stormark orienterte om verksemda ved Skolemuseet.

Styret har hatt 2 møte. Styret har arbeidd vidare med å utvikla heimesida for skolemuseumslaget. Artiklar frå arkivet er samla i ei digital årbok for 2022 med tema: *Skole og lærarutdanning*. På heimesida ligg nå 10 skolehistoriske årbøker + artiklar i arkivet. Statistikken viser at heimesida i 2022 hadde 13448 besøk.

Adressa til heimesida er [www.skolehistorie.no](http://www.skolehistorie.no).

Skolemuseumslaget hadde i 2022 105 adresser på medlemslista. Dette er 8 færre adresser enn i 2021 (utmeldingar/dødsfall). Skolane i Stavanger og Sola har vi stroke frå lista. Laget har fått ein ny medlem. Brev om innbetaling av årskontingenten blei sendt til 89 medlemmer 4.11.2022. 61 av medlemmene fekk brevet digitalt, 28 av medlemmene fekk brevet sendt i posten. Ved årsskiftet hadde 44 medlemmer betalt.

Laget fekk i 2022 eit tilskot frå Utdanningsforbundet på kr 5000,- til drift av heimesida. Fordi ikkje alle medlemmer har e-post, vil framleis korrespondanse pr. post vera nødvendig.

Stavanger 28.02.2023

Sigmund Sunnanå